



# Fordypningsoppgave

**VBU723 Psykososialt arbeid med barn og unge**

**Psykososialt arbeid med einslege mindreårige  
flyktingar**

Lars Even Helstad (kandidatnr. 30)

Totalt antall sider inkludert forsiden: 35

Molde, 27.05.20



## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

| Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6: |   |                                     |
|---|---|-------------------------------------|
| 1.  | Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.   | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 2.  | Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul> | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 3.  | Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> §§14 og 15.  | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 4.  | Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i URKUND, se <a href="#">Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</a>   | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 5.  | Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <a href="#">retningslinjer for behandling av saker om fusk</a>  | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 6.  | Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <a href="#">kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</a>   | <input checked="" type="checkbox"/> |

# Personvern

## Personopplysningsloven

Forskningsprosjekt som innebærer behandling av personopplysninger iht.

Personopplysningsloven skal meldes til Norsk senter for forskningsdata, NSD, for vurdering.

Har oppgaven vært vurdert av NSD?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

- Hvis nei:

Jeg/vi erklærer at oppgaven ikke omfattes av Personopplysningsloven:

## Helseforskningsloven

Dersom prosjektet faller inn under Helseforskningsloven, skal det også søkes om forhåndsgodkjenning fra Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK, i din region.

Har oppgaven vært til behandling hos REK?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Helene Hoemsnes

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

**Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:**

ja     nei

**Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?**

ja     nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

**Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?**

ja     nei

Dato: 27.05.2020

**Antall ord: 8779**

## Føreord

Ei slik fordjupingsoppgåve med valfritt tema gjev ein som student tid til å setje seg inn i problemstillingar som ein vanlegvis ikkje tek seg tid til fordjupe seg i. Det har vore spanande og lærerikt, sidan ein kan drage kunnskap med seg inn i jobbkvardagen. Grunnen til at eg tok til på dette studiet var nettopp for å få meir ballast inn i avgjersle som ofte skal takast på hælen i stressa situasjonar. Meir ballast i faglege diskusjonar med kollegar. Og meir ballast for å kjenne seg trygg på at ein gjer så godt ein kan når ein går på jobb og møter nye utfordringar på kvar ei vakt.

Det å gjennomføre eit litteraturstudie på dette nivået i denne storleiken er nytt for meg, og det har vore ein prosess som eg har lært mykje av. Kvifor har eg ikkje blitt utsett for dette tidlegare? Det kunne ha gjeve meg fleire verkty for å tileigne meg kunnskap tidlegare. Gjennom arbeidet har det fleire gongar vore usikkerheit, og til tider frustrasjon, men når ein kjem ut på andre sida har ein meir kunnskap og nye erfaringar. Det hadde vel vore keisamt om ein kjend seg trygg i alle situasjonar ein møter?

Som turnusarbeider skulle denne oppgåva skrivast i ro og fred medan resten av familien var på skulen og arbeid, men slik blei det ikkje. COVID-19 ville det annleis, og eg har skrive oppgåva mi i ulike etappar; i ro og fred før Corona, og mellom slaga under Corona. Eg vel å sjå på det også som ei erfaring.

Eg trur ikkje arbeidet med denne oppgåva har gått ut over familie eller andre, men dei har i alle fall ikkje øydelagd for meg. Takk for det! Takk til rettleiar Helene Hoemsnes som alltid er positiv, kunnskapsrik og sette meg på sporet av denne oppgåva.

## Samandrag

Denne fordjupingsoppgåva er skriva i samanheng med studiet «Psykososialt arbeid med barn og unge på Høgskulen i Molde. Eg arbeider med einslege mindreårige flyktningar, og har gjort mine erfaringar med kva som har fungert og ikkje. Samstundes som eg har sett at ein ting kan fungere ein dag, og neste dag kan ein berre gløyme det same. Eg har også sett at ungdommar, som ein fort kan setje i same bås, er så ulike som ein kan få det.

Ut frå dette kom eg fram til følgjande problemstilling: Einslege mindreårige flyktningar har kontakt med vaksne tilsette. Korleis kan tilsette påverke positivt gjennom psykososialt arbeid med dei?

Metoden som er nytta i denne oppgåva er litteraturstudie, og det var ei gjeven ramme i oppgåveteksten. Gjennom å ta for seg ein fagartikkel med einslege mindreårige sitt perspektiv og gjennom ein fagartikkel med tilsette sitt perspektiv er målet med denne oppgåva å finne viktige moment som kan brukast i kvardagen og på overordna metodenivå.

Ungdommane kom med ønskjer som ein kan knytte direkte opp til prinsippa om traumebevisst omsorg og ICDP. Fokus på tryggleik, relasjon og kjensleregulering står sentralt. Kunnskap kring einsleg mindreårige flyktningar, kultur og traume er sentralt for å forstå heilskapen til ungdommane.

Funn med dei tilsette gjekk på at ein ønskjer klare retningslinjer frå leiinga når det kjem til rolla ein skal ha som profesjonell omsorgsperson. Det er også sakna tydlegare gjennomføring av metodeval frå leiinga og internt i personalgruppa.

# Innhald

|            |  |           |
|------------|--|-----------|
| <b>1.0</b> | <b>Innleiing .....</b>   | <b>1</b>  |
| 1.1        | Introduksjon og bakgrunn for val av tema .....                     | 1         |
| 1.2        | Problemstilling .....  | 2         |
| 1.3        | Avgrensingar og definisjonar av sentrale omgrep.....               | 2         |
| 1.3.1      | Einslege mindreårige flyktningar.....                              | 2         |
| 1.3.2      | Tilsette i miljøterapeutisk arbeid.....                            | 3         |
| 1.3.3      | Psykososialt arbeid.....   | 4         |
| 1.3.4      | Sosial og emosjonell utvikling.....                                | 4         |
| <b>2.0</b> | <b>Teoretisk referanseramme .....</b>                              | <b>5</b>  |
| 2.1        | Lover, føreskrifter og konvensjonar.....                           | 5         |
| 2.2        | Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell .....                  | 6         |
| 2.2.1      | Kommunikasjon.....   | 7         |
| 2.3        | Traume og resiliens .....  | 7         |
| 2.4        | Metodikk for psykososialt arbeid .....                             | 8         |
| 2.4.1      | ICDP.....  | 8         |
| 2.4.2      | Traumebevisst omsorg .....   | 9         |
| 2.5        | Psykologiske perspektiv .....                                      | 9         |
| 2.5.1      | Systemteoretisk perspektiv .....                                   | 10        |
| 2.5.2      | Kulturpsykologisk perspektiv .....                                 | 11        |
| <b>3.0</b> | <b>Metode og framgangsmåte litteraturstudie .....</b>              | <b>12</b> |
| 3.1        | Presentasjon av utvald fagartikkel «Vær snill!».....               | 13        |
| 3.2        | Presentasjon av utvald fagartikkel «Hjem eller institusjon?» ..... | 14        |
| <b>4.0</b> | <b>Funn og drøfting knytt opp til problemstilling .....</b>        | <b>14</b> |
| 4.1        | Ivaretaking – «Vær snill» .....                                    | 15        |
| 4.1.1      | Drøfting «vær snill» .....   | 15        |
| 4.2        | Forståing – «Prøv å innta mitt perspektiv» .....                   | 16        |
| 4.2.1      | Drøfting «Prøv å innta mitt perspektiv».....                       | 17        |
| 4.3        | Få hjelp – «Hjelp meg» .....                                       | 18        |
| 4.3.1      | Drøfting «Hjelp meg» .....   | 18        |
| 4.4        | Reglar – «Gi reglene mening».....                                  | 19        |
| 4.4.1      | Drøfting «Gi reglene mening» .....                                 | 20        |
| 4.5        | Retningsval og metode .....  | 21        |
| 4.5.1      | Drøfting «Retningsval og metode» .....                             | 21        |

|            |  |           |
|------------|--|-----------|
| 4.6        | Heim eller institusjon?.....             | 22        |
| 4.6.1      | Drøfting «Heim eller institusjon?» ..... | 23        |
| <b>5.0</b> | <b>Avslutning .....</b>                  | <b>23</b> |
|            | <b>Litteraturliste.....</b>              | <b>25</b> |

## 1.0 Innleiing

Gjennom historia har det til ei kvar tid vore flyktningar i verda, og det er lite som tyder på at det kjem til å endre seg. Så lenge det finnes flyktningar vil det også finnes born og unge som må flykte, og mange av dei er på flukt åleine. Noreg har i følge Statistisk Sentralbyrå (2017) teke imot einslege mindreårige flyktningar sidan 1996. Tala har variert ut frå situasjonen i verda og kven som har hatt makta politisk i Noreg. Rundt 2010 og 2016 var det to kraftige toppar med einslege mindreårige som kom til Noreg, men dei siste åra har det blitt kraftig redusert igjen. Dei fleste einslege mindreårige kjem frå landa Afghanistan, Eritrea, Syra og Somalia. Dette på grunn av ustabile situasjonar i landa dei kjem frå og politiske vedtak på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Borna som kjem til Noreg har blitt fordelt rundt om kring i landet ut frå kapasiteten i kommunane i heile landet. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) har laga retningslinjer både praktisk og økonomisk for korleis dette skal gjerast, og kommunane har tilpassa sine tilbod opp mot dette. Alt frå større institusjonar og mindre bustadar til fosterfamiliar har blitt brukt til å gje omsorg til einslege mindreårige flyktningar. Den bakgrunnen desse ungdommane har i kombinasjon med det å vekse opp utan sine biologiske foreldre skaper mange utfordringar når ein skal integrerast i ein ny kultur. Den rolla vaksenpersonane får i liva deira er viktigare enn ein kanskje kan forstå før ein set seg ned og tenkjer grundig over situasjonen.

### 1.1 Introduksjon og bakgrunn for val av tema

Som miljøterapeut i eit bufelleskap i snart fire år har eg sett korleis relasjonar mellom ungdommar og vaksne i bustadar har bidrege både positivt og negativt. At kjemi mellom ulike personar varierer og at det kan ha positiv og negativ innverknad. Etter vakter sit eg ofte og tenkjer kvifor får vi til ein ting med ein ungdom, medan det verkar umogleg å gjennomføre liknande med andre. Det kan vere to brør med same primærkontakt for å understreke poenget. Som regel konkluderer eg med at ungdommar er ulike, og tilsette er minst like ulike. Det eg har konkludert med er at vi må bruke dei relasjonane med styrke i for å kome nokon veg. Enklare sagt enn gjort, men vi må prøve.

## 1.2 Problemstilling

Som førsteinntrykk kan nok mange tenkje at dei einslege mindreårige flyktningane som har kome seg til Noreg er heldige, og at den vanskelegaste jobben er gjort når dei har kome seg til Noreg og fått opphald i ei eller anna form. Men eg har sett, og erfart, saman med ungdommar at dei har ein kjempejobb framføre seg. Og det har vi som hjelparar rundt dei også. Det vere seg utfordringar kring språk, kultur, økonomi, skule, sakn, psykisk helse, usikkerheit kring opphald, sosialisering eller psykiske og fysiske skadar påført i heimlandet eller på flukt. Vi som hjelparar rundt dei må vere den stabiliserande faktoren som hjelper ungdommen på rett spor, motiverer og skaper ei framtid saman med dei.

Med utgangspunkt i dei utfordringane eg har sett har eg kome fram til følgjande problemstilling:

**Einslege mindreårige flyktningar har kontakt med vaksne tilsette. Korleis kan tilsette påverke positivt gjennom psykososialt arbeid med dei?**

Ved å leite etter svar på denne problemstillinga har eg eit håp om å få ein meir solid ballast i mitt vidare arbeid med einslege mindreårige. Eg vil ikkje finne ein fasit, men gjennom teori, forskning, refleksjon og eigne og andre sine erfaringar kan eg kanskje vere betre budd til å ta avgjersle som kjem ungdommar til gode på sikt. Ideen til denne oppgåva kom etter samtalar med utflytta ungdommar som har klart å setje ord på kva dei har opplevd som suksessfaktorar og utfordringar.

## 1.3 Avgrensingar og definisjonar av sentrale omgrep

For å avgrense problemstillinga og definere sentrale omgrep vil eg gjere det i denne delen av oppgåva.

### 1.3.1 Einslege mindreårige flyktningar

«Enslige mindreårige flyktninger er barn og unge under 18 år som kommer som asylsøkere eller overføringsflyktninger til Norge, uten foreldre eller andre med foreldreansvar.» (Eide 2013:16). Sjølv om vi har ein klar definisjon er det viktig å ikkje setje individa i ein bås,

og behandle dei likt ut frå det. Ketil Eide (2013) poengterar at einslege mindreårige er en heterogen gruppe born og unge der det er store skilnader på bakgrunn og dei individuelle livshistoriene. Det er snakk om born som flyktar utan definerte vaksenpersonar. Dei reiser frå eit område som er utrygt saman med smuglarar som i utgangspunktet skal hjelpe dei på vegen, men ein veit at smuglarar ofte tek lite omsyn til flyktningane. Opplevingar frå reisa vil ofte prege borna resten av livet. Målet er å kome seg til eit land som kan gje ei framtid med positive verdiar, og mange vil aldri få sjå sin familie i heimlandet igjen (Grøholt, Sommerschild og Garløy 2011).

I oppgåva mi har eg avgrensa til at eg berre vil sjå på situasjonen til einslege mindreårige flyktningar, og det har eg valt ut frå at dette er ei spesiell gruppe som ingen andre har ein liknande bakgrunn som.

Det er også viktig å skilje mellom mottaksfasa og busetjingsfasa. Mottaksfasa er den første tida etter at ein har kome til landet, og det er staten som har ansvar for dei mindreårige. Busetjingsfasa er etter at dei mindreårige har fått opphald og blir busett i ei kommune. Då er det kommunane som har ansvar og dei mindreårige blir plassert på hybel med eller utan tilsyn, bufellesskap, familieplassingar eller barnevernsinstitusjonar (Eide 2013). Fasane kan ha mange like sider, men ut frå mitt interessefelt ser eg i denne oppgåva på busetjingsfasa. Og for at tilsette, som er brukt i problemstillinga, skal ha mest mogleg kontakt og innflytelse vel eg å sjå på ungdommar i bufellesskap og mindre institusjonar.

### **1.3.2 Tilsette i miljøterapeutisk arbeid**

Tilsette er ordet eg bruker om dei vaksne hjelparane rundt ungdommane. Det vil vere seg miljøterapeutar og fagutdanna i stor grad. Dei tilsette si oppgåve er å utføre miljøterapeutisk arbeid. Ein definisjon på miljøterapi kan vere: «Miljøterapi er å kartlegge og klarlegge det enkelte barns situasjon. Deretter jobbe målrettet med barnet for å styrke dets sosiale kompetanse og legge til rette for mestring. Videre systematisere og iverksette tiltak som fremmer ønsket forandring, slik at barnets fortid, nåtid og framtid settes inn i en helhetstenkning.» (Verpe og Engja 2004:27). Med denne definisjonen sett i kombinasjon med mi erfaring med miljøterapi, vil målet for arbeidet vere å lage struktur i kvardagen, setje seg mål, bygge opp under det som fungerer og ta tak i det som ikkje fungerer.

I personalgruppa vil tilsette ha ulik bakgrunn fagleg og personleg, og då må ein ha som mål å utnytte deira sterke sider for å hjelpe ungdommane til å meistre utfordringar som dei møter. Samstundes må ein skape det mest mogleg stabilt i kvardagen til ungdommane. For å legge til rette for dette må ein setje saman team med ulike fagbakgrunnar som dekker behova til ungdommane. T.d. sosionomar, lærarar og fagarbeidarar. Jamn kjønnsfordeling i ulike aldersgrupper vil vere med på å bidra til at ungdommane ser rollemodellar som kan balansere eit kvinnesyn som er relativt skeivt i kulturar det kjem einslege mindreårige flyktningar frå.

Eg avgrensar også oppgåva mi til å ta føre seg vaksne tilsette i bustad. Dette for å ha eit litt smalare fokus enn om ein gjekk breitt ut og såg på skule og fritidsarenaar. Rollene vil ofte vere litt ulike, og eg må poengtere at eg har sett kor viktig det er med godt samarbeid mellom instansar og ulike miljø. Det samarbeidet vil ikkje vere ein del av denne oppgåva, sjølv om det er mange faktorar som har overføringsbetydning.

### **1.3.3 Psykososialt arbeid**

Det psykososiale i seg sjølv kan ein i følgje Eide (2013) sjå på som det psykiske og det sosiale som spelar inn på helse og mental fungering. Sosiale forhold kan ein sjå på i samanheng med oppvekstmiljø i heimen og der ein som person oppheld seg. Og det psykiske kan ein sjå på korleis ein person klarer å forhalde seg til røynda kognitivt og emosjonelt.

Miljøterapeutisk arbeid og psykososialt arbeid er i mine auge to sider av same sak, men ein spissar fokuset når ein definerer psykososialt arbeid: «Bidrag til at barn og unge skaper meningsfulle livsverdener, sosiale roller og relasjonar som de har en rimelig grad av innflytelse over.» (Vike og Eide 2009:15). Altså ein skal vere med på å legge eit grunnlag for å handtere sosiale og emosjonelle opp- og nedturar som livet har å by på.

### **1.3.4 Sosial og emosjonell utvikling**

Når ein snakkar om sosial utvikling ser ein på sosial kompetanse, og korleis den utviklar seg. Ein kan sjå på sosial kompetanse som ein dugleik ein tek i bruk når ein omgår andre. Ogden (2009) ser på sosial utvikling som det som går føre seg i oppveksten i samspel med

andre, og at det er snakk om den kompetansen ein treng for å delta i sosiale settingar resten av livet. Sosiale dugleikar endrar seg, og ein kan innanfor rammer lære seg endringar for å tilpasse seg betre dei ein omgår. I tillegg inneheld sosial kompetanse å skape relasjonar slik at ein kan kjenne seg trygg i guppeaktivitetar. Oppsummerande kan ein seie at sosial dugleik er sosial kunnskap, eigenskapar og haldningar i ein person, men for å handtere sosiale situasjonar bør ein også vere i stand til å vurdere sine egne kompetansar i samspel med andre (ibid.).

Med emosjonell kompetanse snakkar ein meir om ein person si evne til å kjenne igjen og regulere kjensler (Galvin og Lindbäck 2014). Sosialt er det viktig å kunne kjenne igjen, setje namn på og regulere kjensler. Eit felles kjenslespråk er ein god start om ein skal arbeide med den emosjonelle kompetansen, for ein kan ha mange oppfatningar av kva det vil seie å vere sint. Å arbeide med sinnekontroll og sjølvoppfatning er ein viktig del av det å arbeide med emosjonell kompetanse (ibid.).

## **2.0 Teoretisk referanseramme**

I denne delen av oppgåva skal teori frå faglitteratur og lover bygge ramme for korleis ein skal sjå på utvalde fagartiklar og bidra til forståing for kva som ligg i dei funna forskingsarbeida har kome fram til.

### **2.1 Lover, føreskrifter og konvensjonar**

Noreg sin migrasjonspolitik er i følge Ada Engebrightsens (2002) basert på FN-konvensjonar som Menneskerettskonvensjonen og Flyktningkonvensjonen. Med tanke på einslege mindreårige er Barnekonvensjonen også ein viktig del av totalvurderinga av korleis Noreg skal handsame søknadar og busetjing. Artikkel 12 poengterer at barn, som er moden nok, skal få uttrykke seg og ha medverknadskraft i saker som omgår ein.

Stortingsmelding nr. 17 frå 2000-2001 «Asyl og flyktningpolitikken i Norge» (Kommunal- og regionaldepartementet 2020) retta ekstra fokus på einslege mindreårige, og det blei konkludert med at Barnekonvensjonen sitt prinsipp og «barnet sitt beste» skal leggest vekt

på. Den stortingsmelding blir 20 år etter vist til som eit viktig dokument for arbeidet som blir gjort med einslege mindreårige.

Lov om barneverntenester (Barnevernlova) tek utgangspunkt Menneskerett-, Flyktning og Barnekonvensjonen i det som omhandlar einslege mindreårige, og i § 3-4 «Botiltak for enslige mindreårige flyktninger og asylsøkere» står det:

Ved bosetting av enslige mindreårige som har framsatt søknad om asyl eller som har fått opphold på grunnlag av slik søknad, skal kommunen foreta en vurdering av den enkeltes behov og på denne bakgrunn tilby egnet botiltak.

Dersom kommunen i forbindelse med vurderingen etter første ledd finner rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter kapittel 4, skal barneverntjenesten undersøke forholdet, jf. § 4-3.

Med dette som utgangspunkt, og det som står i § 4-1 (omsynet til barnet sitt beste) er tiltaka lovfesta:

Ved anvendelse av bestemmelsene i dette kapitlet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Herunder skal det legges vekt på å gi barnet stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen.

Barne- og likestillingsdepartementet (2018).

Her kjem det klart fram at barnet sitt beste skal leggast vekt på, barn som er moden nok til det skal ha medverknad i saker som omgår ein, og det skal leggast til rette for stabil og god voksenkontakt med kontinuitet i omsorga.

## 2.2 Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell

Uri Bronfenbrenner var oppteken av at menneske ikkje er ein passiv mottakar av stimuli frå det miljøet ein er i. Ulike individ og miljøet påverkar kvarandre. Ein av dei mest kjende teoriane til Bronfenbrenner er den *utviklingsøkologiske modellen*. Det er ein systemisk modell som er delt inn i fem ulike system som overlappar kvarandre. Ofte blir det framstilt som sirklar som blir omslutta av større og større sirklar. Det inste systemet er *mikrosystemet* som t.d. er familien, nære vennar, barnehage eller skule. I denne delen av modellen blir personlege relasjonar bygd mellom individa. Mesosystemet tek føre seg samspelet mellom mikrosystema, og korleis dei påverkar kvarandre. Rollene til individa vil endre seg i dei ulike mikrosystema. *Eksosystemet*, det tredje systemet, er miljø som

individet ikkje er ein direkte del av, men at ein blir påverka av det. I samanheng med denne oppgåva kan personalgruppa vere eit eksempel på det. I *makrosystemet* er det der avgjerdsle kring økonomi, verdisyn og politikk blir teke. T.d. Barnevernlova og økonomiske rammer for bustaden som einslege mindreårige bor. Kronosystemet er det ytterste systemet i modellen, og det set mennesket si utvikling inn i ein livslang prosess. Ein kan sjå på kronosystemet som ei tidslinje for livet (Gulbrandsen 2009).

### 2.2.1 Kommunikasjon

Alt samspel i Bromfenbrenner sitt system skjer med kommunikasjon av ulikt slag. Øyvind Dahl seier at «Kommunikasjon er å skape fellesskap» (2013:56). Kommunikasjonen kan skje på mange måtar, men eksempel kan vere gjennom teikn, språk av verbalt og non-verbalt slag eller media av ulike slag. Kommunikasjonen bygger på den kulturen vi kjem frå, men kultur er altså dynamisk og ikkje statisk (Dahl 2013).

Teorien til Georg Herbert Mead om *symbolsk interaksjonisme* handlar nettopp om korleis menneske som kommuniserer responderer på tilbakemeldingar frå dei rundt seg. Ein ser seg sjølv ut frå dei reaksjonar ein får frå dei rundt seg. Det kan både bygge opp eller bryte ned. Dersom ein som står deg nær gjev respons vil det bety meir enn ein tilfeldig på gata. Ein person som har høg status i dine auge blir ein *signifikant andreperson* (Imsen 2014). Med utgangspunkt i kommunikasjonsmodellen og teorien om symbolsk interaksjonisme er det heilt klart at alle som fast omgår personar med innvandringsbakgrunn har stor makt når det kjem til korleis vi kommuniserer og påverkar.

### 2.3 Traume og resiliens

«Et *traume* er en situasjon som erfares utenfor en persons opplevelse av å mestre, og som etterlater sår og arr, fysisk og/eller psykisk hos den det gjelder» (Lie og Lien 2010:237). Ein kan raskt sjå føre seg at einslege mindreårige har opplevd mange traumatiserande situasjonar i heimlandet og/eller på flukta til Noreg. Måten ein handsamar traume på varierer frå person til person. «Virkingen av traumatisering kan hemme språklæringens selv hos den mest motiverte. Både den følelsesmessige og den kognitive siden kan rammes og forstyrre både læringens av det nye språket og bruken av det» (Varvin 2015:194). Det

kjem tydleg fram at det sosiale, språklege, emosjonell og skulefaglege kan bli påverka av traumatiseringa i fortida, og det kan gje utslag på varierende vis.

Noko som kan påverke korleis traumatiserte personar taklar erfaringane sine i livet vidare er *resiliens*. Varvin (2015) seier at resiliens handlar om å bruke dei sjansane som finnes til å søke hjelp og støtte. Den indre krafta til å takle og bearbeide utfordringar, og å bruke dei tilboda ein har rundt seg for å gjere det beste ut av situasjonen. Ulik grad av utvikla resiliens vil føre til ulike reaksjonar og konsekvensar på traumatiserande opplevingar.

## 2.4 Metodikk for psykososialt arbeid

I miljøterapeutisk arbeid med einslege mindreårige flyktningar blir det brukt fleire metodikkar som skal strukturere tilsette sitt psykososiale arbeid. Endringstiltak i arbeid knytt til barnevernet er i følgje Kvello (2016) målretta råd og rettleiing som bør vere evidensbaserte metodar. Av fleire metodar har eg valt å sjå på to som eg kjenner til frå mitt arbeid.

### 2.4.1 ICDP

International Child Development Programme (ICDP) tek sikte på å styrke kvaliteten av kontakt, samspel og relasjon mellom barnet og omsorgspersonen:

ICDP er både et universelt helsefremmende og forebyggende, samt selektivt forebyggende program med målsetning om å understøtte og fremme psykososial omsorgskompetanse hos omsorgsgivere for barn i alderen 0-18 år. Målsetningen med programmet er først og fremst å styrke kvaliteten av kontakt, samspill og relasjon mellom foreldre/omsorgsperson og barn. (Hundeide, 2005)

Hundeide (2005) seier at det i denne metoden blir sett fokus på samspelet mellom barnet og nære omsorgspersonar, og det er det mykje av det psykososiale arbeidet med einslege mindreårige flyktningar omhandlar. Målet med ICDP er i følgje Reedtz og Lauritzen (2017) å:

- Bevisstgjere omsorgsgjevar på barnet sin tilstand og behov.
- Styrke omsorgsgjevaren sin sjølvtilitt.

- Fremje kommunikasjonen mellom omsorgsgjevar og barnet.
- Berike og stimulere samspelet mellom omsorgsgjevaren og barnet, og på den måten rettleie barnet i forhold til omverda.

### 2.4.2 Traumebevisst omsorg

Personar som har opplevd traumatiserende handlingar har behov for stabile omgjevnadar der omsorgspersonane har forståing for korleis traumatiserende opplevingar kan påverke ein (Varvin 2015). Traumebevisst omsorg (TBO) tek høgde for å skape forståing for situasjonen traumatiserte personar har blitt sett i og korleis det opplevast. På den andre sida skal TBO vere ein metode som skaper *tryggleik, relasjon og affektregulering* for den traumeutsette. Dette blir kalla dei tre pilarane for traumebevisst omsorg (Jørgensen og Steinkopf 2013).

Tryggleik må dei traumatiserte få ved å bli kjende med vaksne omsorgspersonar som dei kan stole på, og dei må kjenne seg trygge på at desse omsorgspersonane forstår konsekvensen traumatisering kan få i ettertid. Relasjonen mellom den traumatiserte og omsorgspersonen må vere positiv for å kjennast trygg. Mange traumatiserte har dårlege erfaringar med vaksenpersonar, og sit med ei forventning av dårlege erfaringar som skal kome. Difor må ein jobbe med å overtyde personen om at ein vil han vel. Dersom ein som tilsett møter sinne frå ein ungdom med sinne tilbake vil det kanskje vere som forventa frå ungdommen si side. Klarer den vaksne å regulere seg vil det kunne påverke til å styrke relasjonen på sikt. Affektregulering går på å handsame kjensler, og at traumeutsette kan ha større utfordringar med å kategorisere kjensler. Ei viktig oppgåve for omsorgspersonen blir å vere med på å samregulere den traumatiserte sine kjensler (Jørgensen og Steinkopf 2013).

## 2.5 Psykologiske perspektiv

Når ein skal forstå seg på situasjonar som oppstår i samspel mellom menneske og miljø må ein innsjå at mange faktorar kan spele inn. Verda er ikkje svart-kvit. Det finnes mange psykologiske perspektiv, og under dei fleire underretningar. Psykologiske perspektiv gjev oss moglegheit til å sjå på situasjonar med ulike blikk. Dei ulike retningane konkurrerer ikkje med kvarandre, men dei utfyller kvarandre for å belyse heile situasjonen til eit menneske (Guldbrandsen 2009).

Situasjonen til einslege mindreårige flyktningar er som regel meir samansette enn dei fleste menneske sin situasjon, så difor vel eg å ta føre meg systemteoretisk, kulturpsykologisk som dei mest aktuelle opp mot problemstillinga og fagartiklane.

### 2.5.1 Systemteoretisk perspektiv

Utgangspunktet for systemteoretisk tenking er å sjå på enkeltssystem og samspel mellom system slik Gregory Bateson såg på det i sine teoriar. Han såg på korleis menneske tenker og lærer i samspel med andre personar som dei omgår og blir påverka av (Gulbrandsen 2009). Når ein ser på ein situasjon med ei systemteoretisk tilnærming ser ein på aktørane som deltakarar i eit sosialt system, og i den kommunikasjonen og interaksjonen oppstår det mønster. Resultatet av det blir sosiale system som aktørane bevegar seg i og mellom. Individ og grupper blir påverka av dei systema vi er ein del av, og personane får ulike roller og måtar å kommunisere på ut frå kva situasjon vi står i. Alle blir påverka av dei systema vi er ein del av, og systemet blir påverka av den rolla dei ulike individa har (ibid.).

Handlingar knytt direkte opp til ein person og den personen sin måte å vere på i situasjonen, kallar vi ei *lineær* handling. For eksempel ein ungdom som kjem heim frå skulen i dårleg humør kan ein sjå på som ein ungdom som ikkje likar seg på skulen. Dersom ein tenkjer *sirkulært* på den same situasjonen kan ein sjå på ulike faktorar som skaper eit totalbilette; var den trygge læraren heime frå jobb, er det konflikten i bustaden frå dagen før som heng igjen eller har han fått dårlege nyhende frå heimlandet sitt eller er kanskje blodsukkeret veldig lågt? (ibid.).

Systemteoretisk tenking ønskjer å flytte fokus frå individet, og heller sjå på dei systema og relasjonane som ein er ein deltakar i (ibid.). På den måten er tanken at ein skal sjå heile sanning og ikkje berre delar av den. Alt som skjer rundt oss påverkar oss direkte eller indirekte sjølv om vi kanskje ikkje legg merke til det sjølv. Det er samspelet mellom ulike individ som gjer oss til den vi er, og vi får ulike roller ut frå kva system vi er i. Nokon kan vere stille og roleg på skulen, men når ein kjem heim viser ein fleire sider av seg. Det gjeld like mykje tilsette som ungdommar.

Vi kan ikkje ikkje-kommunisere, og det er ikkje mogleg å ikkje bli påverka av dei sosiale systema vi er ein del av (ibid.). T.d. kan måten personale i ein bustad kommuniserer seg i mellom om ungdommar vere med på å påverke haldningar deira til ungdommane.

Gulbrandsen (ibid.) seier at dersom ein skal justere åtferd ut frå eit systemteoretisk perspektiv må ein finne samanhengar mellom handlingar, åtferd og omgjevnadane. Den spesifikke årsaka står ikkje i fokus. Det vil seie at det er kanskje ikkje ei løysing å vekke ein ungdom tidlegare dersom han har ein tendens til å kome for seint på skulen. Då må ein finne faktorane som ligg bak, og tenkje sirkulært.

### **2.5.2 Kulturpsykologisk perspektiv**

«Kultur er det som gjør kommunikasjon mulig» (Chinga-Ramirez og Solhaug 2014:222). «Psykologi blir gjerne definert som læren om sjelen (psyke)» (Gulbrandsen 2009:250). Ein kan sjå på kulturpsykologi som eit studie av korleis kulturelle tradisjonar og praksis påverkar, uttrykker og omdannar den menneskelege psyke. Kulturpsykologi treng heller ikkje å innebere menneske som har forskjellig kulturell bakgrunn (Toverud og Thorsen 2002).

I følgje Gulbrandsen (2009) er utgangspunktet i kulturpsykologi at mennesket og kulturen ein lever i heng saman. Menneske blir forma av den kulturen ein lever i, og kulturen blir forma av deira veremåte. Ein ønskjer å sjå samheng mellom psykologiske prosessar og ulike kulturformer. Ein annan måte å seie det på, ut frå kulturpsykologisk perspektiv er at mennesket ein kulturell og naturleg skapning. Lev Vygotskij og den kulturhistoriske skolen er utgangspunktet for kulturpsykologisk tankegang, men det er også fellestrekk med Bronfenbrenners utviklingsøkologi. Meads teoretiske perspektiv er også til inspirasjon, og utgangspunktet er å sjå på mennesket som grunnleggande sosialt (ibid.).

Å *appropriere* er et uttrykk som ofte blir brukt i samheng med kulturpsykologisk perspektiv, og det tyder å gjere til sitt eige. I ein kultur kan det vere eigenskapar eller aktivitetar som får positiv eller negativ merksemd. Det å ha positive eigenskapar eller delta i positive aktivitetar kan gje respons som utviklar mennesket positivt, og på den same måten negativt i motsette situasjonar (ibid.). Einslege mindreårige flyktningar kan t.d. ha

som ønskje å appropriere eigenskapar som gjev status i ein ny kultur, men samstundes skal dei ta vare på sin eigen identitet.

### **3.0 Metode og framgangsmåte litteraturstudie**

I denne delen av oppgåva skal eg skildre metoden litteraturstudie, og eg skal grunngje vala eg har gjort i forhold til kjelder. Eg vil også dokumentere framgangsmåten eg brukte for å søke meg fram til relevante fagartiklar. Dette gjorde eg i kombinasjon med tidlegare brukt litteratur og aktuelle bøker eg kom over i førebuingssfasa.

Dalland (2007) seier at metode er et reiskap for å finne svar på noko ein vil undersøkje. Ein kan velje mellom fleire metodar, men i oppgåveteksten til denne fordjupingsoppgåva var litteraturstudie bestemt. Ein skal gjennom ei gjeven oppskrift kome fram til funn ved å følgje framgangsmåten. Målet med litteraturstudiet er å få ei oversikt over litteraturen og på den måten hente inn relevant kunnskap i forhold til problemstillinga (Dalland 2007).

I søken etter å finne kunnskap kring problemstillinga, og svar på den blei tidlegare kunnskap friska opp og ny litteratur oppsøkt. Metoden er til hjelp for å systematisere, kvalitetssikre og avgrense seg opp mot problemstillinga.

Ved å ta ei hermeneutisk tilnærming ønskjer eg å forstå heilskapen til individa i målgruppa og deira situasjon. Hermeneutikk tyder fortolkingsvitenskap, og ein ønskjer å sjå på fleire faktorar som ligg bak ved å bruke ulike tilnærmingar. For å kunne studere mennesket sine handlingar, sosialt liv og kulturar må ein bruke andre omgrep enn for å kartlegge naturen (Aadland 2013). I hermeneutikken er det sentralt å snakke om forståing av individ eller ei meir samansett verd. Korleis ein tolkar situasjonar med ulike bakgrunnar. Ein person kan ikkje sitje med ein fasit på korleis verda til ein einsleg mindreårig opplevast, men ved å sjå på fleire personar si oppleving kan ein kanskje forstå meir av situasjonen dei er i.

Menneske vil alltid bygge vidare på den forståinga ein har og dei erfaringar ein har gjort seg. Vi kan prøve å vere så objektive vi berre vil, men det subjektive vil farge oss i det vi gjer og tenkjer. Analyse av mennesket må starte med analyse av den verden ein lever i (Thornquist 2010). I dette litteraturstudiet må eg la litteratur og empiri tale for seg, og så kan eg heller kome med drøftingar ut frå min bakgrunn i kombinasjon med teori.

Eg endte opp med å bruke Oria som søkemotor via VPN-tilkopling til Høgskolen i Molde. For å kome i gang søkte eg på «enslige mindreårige flyktningar», men resultatet blei for stort (227 treff). Ved å inkludere «omsorg», «psykososialt», «brukermedvirkning», «metodikk» og «ansatt» i ulike kombinasjonar kom eg ned på rundt ti fagartiklar som eg såg på som aktuelle. Søket blei til slutt redusert til «siste 10 år». Dette for at eg oppdaga at ein del av dei eldre artiklane hadde ulikt fokus frå nyare forskingsartiklar. Det kjem nok av erfaringar som har blitt gjort i arbeidet med einslege mindreårige som har endra tiltak og måten vi buset ungdommar i kommunar på. Etter å ha lest fleire artiklar og sortert vekk uaktuelle blei problemstilling og aktuell teori meir klar.

Etter å ha lest gjennom fleire artiklar og hatt i bakhovudet at eg skal ha ei hermeneutisk tilnærming kom eg fram til at to artiklar skilde seg ut. Dei gjekk på relasjonen mellom einslege mindreårige og tilsette som arbeider i bustad med ungdommane. Den eine artikkelen («Vær snill!») hadde mest ungdommane sitt perspektiv, medan den andre («Hjem eller institusjon?») hadde ei vinkling meir frå tilsette sitt perspektiv.

### **3.1 Presentasjon av utvald fagartikkel «Vær snill!»**

Artikkelen «Vær snill! – Råd frå enslige mindreårige asylsøkere og flyktningar til vaksne omsorgsgivere.» er skriva av Einvor M. Bjørgo Skårdalsmo og Jessica Harnischfeger i 2017. Det overordna målet til artikkelen er at einslege mindreårige flyktningar skal gje råd til vaksne som arbeider med dei, og på den måten bidra til at omsorgen blir betre tilpassa deira behov. Ut frå funna som blei gjort kom dei fram til fire overordna mål: «Vær snill», «Prøv å innta mitt perspektiv», «Hjelp meg» og «Gi reglene mening».

For å innhente data til artikkelen sin brukte forfattarane den kvalitative metoden semistrukturert intervju. Arbeidet dei utførte blei eit kvalitativt studie. Difor brukte eg «Sjekkliste for vurdering av en kvalitativ studie» utarbeida av Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten (2018). Den grundige gjennomgangen trygga meg på arbeidsmetodane til forfattarane og deira resultat. Det bekrefta også at deira funn var relevant for mi problemstilling.

## **3.2 Presentasjon av utvald fagartikkel «Hjem eller institusjon?»**

Den andre artikkelen heter «Hjem eller institusjon?», og er skrevet av Kjetil Eide, Irmelin Kjelaas og Ann Kristin Larsgaard. Eg har tidlegare lest mykje av det Eide har skrive, for han har gjennom ei årrekke vore engasjert i å forstå seg på einslege mindreårige sin situasjon og arbeidet som tilsette skal gjere rundt dei.

Artikkelen ønskjer å undersøke ulike profesjonsutøvarar sine refleksjonar rundt formålet med omsorgsarbeid med einslege mindreårige i busetjingsfasa. Mykje av tidlegare forskingsarbeid på dette området har ikkje tek for seg dette perspektivet, og det utfyller artikkelen «Vær snill!» som har fokus på resultatane frå intervjuet til med ungdommane og ikkje tilsette.

Denne artikkelen har også eit kvalitativt design med semistrukturerte intervju som innsamlingsmetode. Også i arbeidet med denne artikkelen gjorde eg meg nytte av «Sjekkliste for vurdering av en kvalitativ studie» utarbeida av Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten (2018). Intervjuet til forfattarane hadde fokus på: Organisering av omsorgstiltaket, fagleg innhald i omsorgsarbeidet, kva kompetanse som er sentralt i dette fagfeltet og kva aktørane opplever som spesielt gjevande og utfordrande i arbeidet.

## **4.0 Funn og drøfting knytt opp til problemstilling**

For å strukturere funna knytt opp til problemstillinga har eg valt å bruke dei fire overordna måla frå «Vær snill» som struktur for perspektivet til dei einslege mindreårige. Når ein ser på funn i forskingsarbeid er det viktig å hugse på at borna har særskilte ulik bakgrunn, men at det også er mange fellestrekk. Dei fleste informantane hadde opplevd traumatiserande hendingar, og det må ein ha med seg når ein les råda frå ungdommane. For å sjå nærmare på tilsette sitt arbeid vil eg bruke dei to delar frå «Hjem eller institusjon?» sin diskusjonsdel. Det vil gje meg fleire perspektiv frå bustadsituasjonen. For å skape struktur i drøftinga vel eg å gjere det direkte opp mot funna.

Alle sitat frå ungdommar i kapittel 4.1 til 4.4 er henta frå «Vær snill!», og alle sitat frå tilsette i kapittel 4.5 til 4.6. er henta frå «Hjem eller institusjon?».

## 4.1 Ivaretaking – «Vær snill»

Fleire av ungdommane seier liknande kommentarar som denne jenta (19): «De voksne må bare late som de er foreldrene til barna.» Andre ungdommar påpeikar at dei vaksne ikkje kan bli som foreldre for dei, men det er viktig å klare å like barna for å kunne arbeide med dei. Det er altså viktig at tilsette jobbar med å ha ein relasjon til ungdommane slik at dei kjenner seg likt. Ein vil, som tilsett, aldri klare å erstatte ein familie, men ein må ha som utgangspunkt at ein skal skape relasjonar som gjer ungdommane trygge på at ein vil deira beste.

Ein gut på 18 år seier ut frå frustrerende erfaringar han har hatt følgande: «De er bare ute etter jobb. Ikke sånn at de elsker oss. Helt ærlig. De bare elsker jobben sin.» Om guten har rett oppfatning av situasjonen veit vi ikkje, men det at han føler seg som så lite verdt bør gjere dei fleste bekymra.

### 4.1.1 Drøfting «vær snill»

I rådet «Vær snill» ber ungdommane om å bli teken vare på, og det er noko vi alle treng å kjenne på. I heimlandet, på flukt og også her i Noreg har nok desse ungdommane opplevd at mange personar dei har møtt ikkje vil deira beste. Fleire av dei psykologiske perspektiva er opptekne av at vi blir forma av dei miljøa ein er ein del av. Personale må skape miljø som utviklar ungdommane positivt, og vi må hjelpe dei å finne dei positive utviklingsmiljøa utanfor bustaden også. Desse ungdommane har vore ein del av mange miljø som har påverka dei negativt. Bengtson og Ruud, i Eide (2013), skriv i sin artikkel at det er viktig at personale er emosjonelt tilgjengeleg og viser forståing for korleis ungdommen har det, eller har hatt det. Klarer ein å vere med ungdommane i den kjensleprega reisa samstundes som ein er ein tydeleg vaksen har ein kome langt. Personale i bustadar må difor ha som fyrsteprioritet å vere personar som vil ungdommane vel, og det må kome fram så klart at ungdommane forstår det. Til ungdommane har lært personale, og seg sjølv, å kjenne kan verda fort blir svart/kvit. Difor er det viktig å vere tydelege og hjelpe ungdomane til å utvide sitt perspektiv for kjensler.

Å vere snill treng ikkje å vere den som seier ja til ekstra brus eller den som køyrer til trening kvar gong ein blir spurd. Å vere snill er å vere der når ein treng å kjenne at nokon

bryr seg. Ein som trøystar når vanskelege tankar fyller hovudet, ein som gjev massasje når ein har skada seg eller den som legg vekk kontorarbeidet og tek seg tid til å spele PlayStation. Ved å legge frå seg kontorarbeidet og vere saman med ungdommen kan kanskje guten som sa: «De bare elsker jobben sin!», til å kjenne seg verdsett. Som i alt miljøterapeutisk arbeid er det ingen fasit, men erfaringar og relasjonar til ungdommen vil gje mange svar på korleis ein skal gå fram og prioritere.

Ved å klare å kome seg i posisjon kan ein person bli ein signifikant andreperson. Ein som har ein relasjon til ungdommen som han, eller ho, kan spele på. Det kan vere seg i alt frå kvardagslege praktiske gjeremål der ein kanskje kan fungere som eir førebilete og heilt til store konflikhtar som skal løysast der relasjonen kan verke overtydande nok til å stole på sjølv om det er sterke kjensler i sving. Ved å vise at ein bryr seg over tid kan ein bygge ein slik relasjon.

## **4.2 Forståing – «Prøv å innta mitt perspektiv»**

Mange ungdommar fortel om at dei har eit behov for å bli sett på som eit enkeltindivid, og at dei vaksne må sjå situasjonen frå deira perspektiv. Ein gut på 14 år seier det slik: «Det hadde vært fint hvis de spør for eksempel hvilket behov vi har, eller hva vi forventer, eller hvordan vi ønsker å bli behandlet.»

Det å sjå situasjonen frå ungdommen sitt perspektiv kan for eksempel vere det å kome som flyktning frå ei anna verd. Ein gut på 16 år er eit godt eksempel på korleis ein ønskjer å bli teke omsyn til: «Fordi når vi kommer til Norge, alt forandrer seg, alt forandrer seg. Vi ser at det er en ny kultur, det er en ny skole, det er et nytt hus, det er et nytt språk. Så derfor må de være litt rolige, de må gå litt sakte.»

Fleire ungdommar seier at dei ønskjer å ha moglegheit til å snakke om hendingar frå heimlandet og/eller flukta som gjer dei triste. Mange slit med at dei gjenopplever vonde hendingar og andre symptom som peikar i retning av posttraumatisk stress. Ein gut på 17 år fortel om om vonde tankar kring faren si rolle i oppveksten, og han gjev følgande råd til dei tilsette: «De må skjønne hvordan de har det, når de er trist, sint, lei seg, ikke sant, alle de følelsene som de har. Skulle ønske at noen av de ansatte var litt bedre på å skjønne de.»

Han seier at det oppstår mange konflikter i situasjonar der situasjonen er problemfri i utgangspunktet, men at det ofte ender med konflikt og sterke kjensler.

#### **4.2.1 Drøfting «Prøv å innta mitt perspektiv»**

Ved å ta eit kultur psykologisk perspektiv på ungdommane sitt ønskje om å sjå situasjonen få deira perspektiv kan ein raskt forstå at det er viktig å sjå på kva bakgrunn dei har og at kultur spelar ei stor rolle i tillegg til alle andre faktorar. Desse ungdommane er oppvaksne i eit samfunn med heilt andre rammer en det dei har kome til, og den kulturen sit i dei.

Berre i utsagnet «prøv å ta mitt perspektiv» ligg det mykje. Personale i ein bustad kan oppfatte ungdommen som sint, men kanskje er han ikkje sint slik vårt førsteinntrykk oppfattar det. Vi må tenkje hermeneutisk og få ei totalforståing av situasjonen. Tenkjer ein systemteoretisk linjert har ein ikkje teke omsyn til alle faktorar som kan spele inn. Vi må sjå på situasjonen sirkulært, og bruke tid på å bli kjend med ungdommen.

Personale må ha eit ekte ønskje om å bli kjend med ungdommen. I ICDP er det ein grunnleggande ide at ein må bli kjend med barnet, og det inneber også det emosjonelle. Empatisk identifikasjon er ein føresetnad for å kunne forstå seg på den ein ønskjer å hjelpe, og det blir vektlagt i ICDP-metodikken (Reedtz, C. og Lauritzen, C. 2017). Eit direkte resultat av å ikkje bli forstått er i veldig mange høver konflikt, eller ei form for redusert kommunikasjon.

For å klare å setje seg inn i ein annan person sit perspektiv kan ein god start vere brukarmedverknad. Eit naturleg prinsipp som eg så ofte føler blir gløymd i ein hektisk kvardag. Ikkje berre er det eit godt utgangspunkt for kommunikasjon som skal bere frukter, men det er så viktig at det kjem fram i Barnevernlova at ein skal legge vekt på ungdommane sine ønskjer og oppfatningar av situasjonar. Personale tru ofte at dei forstår situasjonen rett, men i ettertid kan det vere feil. Det har vi alle erfart. Kva med å kome i dialog med ungdommen og spør kva ønskjer han eller korleis oppfattar han situasjonen? Mogleg er ikkje ungdommen si oppfatning rett heller, men ved å tenkje fenomenologisk kan vi få ei forståing for korleis ungdommen har det og oppfattar situasjonen. Vi alle set pris på å kjenne oss høyrd.

### **4.3 Få hjelp – «Hjelp meg»**

Ein måte ungdommane ønskjer å få hjelp er praktisk hjelp. Det kan vere seg hjelp med skularbeid, til å forstå lover og reglar, korleis system fungerer, kulturen og språket. Informasjon som vi tek som ei sjølvfølge er ikkje alltid like sjølvstekt for dei som har levd sin første del av livet i ein annan kultur og med eit heilt anna fokus en det ein gjer t.d. i Noreg. Mange kan gå rundt med bekymringar som ikkje har rot i røynda, og det kan vere både praktisk og kjenslemessig fornuftig å få dei rydda ut av vegen.

Mange av ungdommane snakka også om å få hjelp til å ikkje miste håpet. Det å kunne bli trøysta når ein har det vanskeleg, og sjølv fortelje at dette skal gå bra. Ein gut på 14 år snakkar om at han vil bli trøysta og motiver. På den måten seier han at han vil ha hjelp og bli helde psykisk når han har det vanskeleg.

Det kom også fram at ungdommane set stor pris på at vaksne tek dei med på aktivitetar som gjev ei avkopling frå tankar og kvardagslege utfordringar. Det kan vere trening, turar eller andre fritidsaktivitetar. Det å kunne få avstand til det som er vanskeleg og samstundes lære dugleikar som ein ikkje kan lære seg sjølv skaper motivasjon og meistring. I tillegg kan det bidra til sosialisering og integrering. Med den positive spiralen kan også språk og kultur lærast på ein naturleg måte.

#### **4.3.1 Drøfting «Hjelp meg»**

I starten når ein skal bli kjend med ein ungdom handlar mykje av den hjelpa ungdommen vil ha, og vi klarer å gje, om reint praktisk hjelp. Gjennom å praktisk hjelpe kan ein bygge relasjon og ungdommen kan kjenne på at hjelparen er der for å bidra med viktig hjelp. Etter kvart som ein blir kjend kan det vere lettare å vise frustrasjon etter som ein kjenner seg tryggare. Då må den vaksne bidra med regulering slik at kommunikasjonen kan halde fram som konstruktiv. I traumebevisst omsorg er eitt av grunnprinsippa hjelp til regulering (Jørgensen og Steinkopf 2013). Utgangspunktet for dette er effekten traumatiserende opplevingar har på mennesket. Desse ungdommane vil kjenne på store behov for å få hjelp med kjenslene sine, for det skaper sterk frustrasjon når ein ikkje forstår seg på seg sjølv, og om kjenslene som kjem ut ikkje alltid blir som ein ønskjer. Det å kunne hjelpe traumatiserte ungdommar er noko av det mest utfordrande eg har prøvde meg på. I mange

kulturar er det tabu å snakke om kjensler, og spesielt det å vise sine svake sider. Ofte får ungdommar tilbod om å gå til psykologar eller psykomotorisk fysioterapi, men for mange tek det lang tid å svare ja. Slik eg har opplevd det er det viktigare at ein person med god relasjon til ungdommen er dørøpnar. Det å vere ein signifikant andreperson som opnar opp for å snakke om kjensler, og kanskje på sikt kan han motivere for å gå til fagpersonar som kan meir om traumehandtering.

Personar som arbeider med einslege mindreårige har nok mang ein gang kjend på det å bli avvist, både når det kjem til å snakke om kjensler eller når det kjem til konflikter der ein ikkje kjem nokon veg. Men i intervjuet kjem det fram at ein ikkje må gje opp. Som omsorgsperson må ein takle å bli avvist, men det tyder ikkje at ein ikkje skal prøve igjen. Av og til er det nok med ein «time out» på rommet, og andre gongar må ein kanskje avvente nokre dagar. Med å vise at ein ikkje gjev opp tryggjar ein ungdommen på at ein er der sjølv i vanskelege situasjonar. Ein signifikant andreperson er der også når det stormar. For å oppnå samregulering når det stormar er det viktig å ikkje vere oppfarande, og det er eit viktig moment å ta med seg frå traumebevisst omsorg (Jørgensen og Steinkopf 2013).

#### **4.4 Reglar – «Gi reglene mening»**

Eit av de mest typiske momenta som kom fram frå intervjuet var frustrasjon rundt reglar, og spesielt når reglane endra seg frå person til person eller når tilsette laga nye reglar. Mykje tyder på at dette er eit av dei mest konfliktskapande temaa i bustadar med einslege mindreårige flyktingar. Også korleis personale forhold seg til, eller formidlar, reglar kan auke konfliktnivået. Dei fleste ungdommane forstår at det må vere reglar i ein bustad, men dei er kritisk til mange reglar og måten tilsette handhevar dei på. Det kan vere med å bli sint eller ved å poengtere at ein berre følgjer reglane. Ungdommane seier det er lettare å forstå når ein får det forklart, og at det ikkje varierer frå person til person. Det kan verke motsett av det å vere omsorgsgjevande.

I fleire høve kan kanskje ungdommen forstå kvifor reglane er som dei er, men at det ikkje alltid er like lett å legge seg til eit fast klokkeslett når ein har hovudet fullt av tankar. Det kan vere grunnlag for å skape frustrasjon når ein ikkje vil legge seg og heller treng nokon å prate med. Ungdommane ønskjer at personale skal vere fleksible nok, og forstå seg på dei nok, slik at ein ikkje lager konflikt for å vere rigid og tru mot reglar.

I ettertid er det fleire ungdommar som fortel at det er bra med rammer som strukturerer dagar, sjølv om det ikkje alltid var like populært der og då. Reglane generelt blei opplevd som akseptable når dei gav mening, og spesielt når dei som handheva reglane tok omsyn til kvar einiskild utan å vere rigide.

#### **4.4.1 Drøfting «Gi reglane mening»**

Alle som har jobba miljøterapeutisk har opplevd at reglar er eit utgangspunkt for konflikthar, men det er ein grunn til at vi har reglar. Utan reglar vil det bli kaos. Ungdommane opplever at regler er greitt så lenge ein forstår kvifor dei er der. Som omsorgsperson er det ikkje alltid ein sjølv forstår seg på reglane heller, og då tek det til å bli utfordrande. Bengtson og Ruud, i Eide (2013), skriv at reglar er der for å skape struktur, og det er der for å skape tryggleik, kontakt og relasjon. Eldre ungdommar uttalar at dei i ettertid forstår behovet for mange av reglane, som ikkje gav mening tidlegare.

Engebrigtsen (2012) seier at kultursensitivitet er ein sær viktig faktor når ein arbeider med born og unge. Einslege mindreårige flyktningar har heilt ulike referanserammer samanlikna med personale. Då kan ein ikkje ta deira forståing forgjeven. Ein må ta seg tid til å forklare kva som ligg bak leggetider, datareglar og leksegjering. For å klare det må ein redusere reglane slik at det blir mogleg å gjennomføre for både liten og stor. Reglar som ikkje blir følgd av korkje personale eller ungdommar kan ein stryke. Omsorgspersonen må også setje seg inn i kulturen for reglar der ungdommen kjem frå. Har ikkje ungdommen hatt forventningar og rammer som born? Har reglar berre fått konsekvensar med straff? I traumebevisst omsorg skal ikkje reglar vere der for å vere der. Ein skal velje seg ut viktige reglar som ein følgjer og forklarar, og på den måten få ned konfliktnivået rundt reglar (Jørgensen og Steinkopf 2013). Ein skal gjennom ei fenomenologisk tilnærming forstå korleis ungdommen oppfattar regelen, og sjå på det som ligg bak ein evt. reaksjon om usemje. Då tenkjer ein traumebevisst. Det betyr ikkje at ein ikkje skal ha reglar som skal følgjast.

Ofte jobbar det mange som personale i ein bustad, og det er oppstår stor frustrasjon når reglane opplevast ulike ut frå kven som er på jobb. Slik skal det ikkje vere, men ein får ofte tilbakemelding på den frustrasjonen frå ungdommane. Og det er forståeleg. I

traumebevisst omsorg er forutsigbart eit viktig moment for å klare å imøtekome ungdommane sine behov (Jørgensen og Steinkopf 2013). Det kviler stort ansvar på personalgruppa, men det er leiinga som må vere med på å skape like rammer frå metode til praktisk bruk.

## **4.5 Retningsval og metode**

I forskingsarbeidet kom det fram at fleire av miljøarbeidarane opplevde mangel på kva retning arbeidet med einslege mindreårige flyktingar skal ha, og det kom fram liknande opplevingar frå leiarar av busetjingsarbeidet. Ein av leiarane beskriv det slik: «Jeg tenker at skal vi jobbe sammen, så må vi ha felles ståsted. Felles forståelse av begrepene vi bruker til daglig. På overflaten virker alt greit, men når man dykker litt, så er motsetningen ganske stor».

Dette blir i forskingsarbeidet tolka til at dei tilsette er usikre rund formålet som er knytt til omsorgsarbeidet. Og det kom fram at dei tilsette var opptekne av om bustaden dei arbeider i skal bli sett på som ein heim eller ein institusjon. Altså ein diskusjon om ein som tilsett berre skal gje omsorg eller om ein skal arbeide metodisk. Fleire teoretikarar har kome fram til viktigheita av tydelege formål, men forskar Pål Repstad (2014) understrekar at ein organisasjon sine målsetjingar sjeldan er eintydige, og i staden kan dei vere uklare og motsetjande.

### **4.5.1 Drøfting «Retningsval og metode»**

Ut frå ungdommane sine ønskjer kom det fram at ein som personalgruppe må ha ein felles agenda. Dette for å styre unna konflikthar kring ulike reglar og for å trygge ungdommar som har opplevd traumatiserande hendingar. Men alle som har arbeidd i eit bufelleskap har nok opplevd tvitydige signal frå leiing på ulike nivå, og internt i personalgruppa. Ein som tilsett kan ha med seg sine haldningar og erfaringar som vil bidra positivt, men det er ikkje nok i samarbeid med andre. Organisasjonskultur og leiarskap har ei sentral rolle for korleis personalgruppa står fram, og det skal ikkje vere opp til kvar einskild å tileigne seg sin stil. Det vil ikkje seie at ein ikkje skal vere med i prosessen når kursen skal stakast ut. Tvert imot er det sær viktig, for ei personalgruppe kan raskt bli splitta internt om det ikkje

blir eit eigarforhald til prosjektet. Alternativt kan det bli ei interessekonflikt med leiinga som gjer ungdommane skadelidande.

Repstad (2014), og fleire forskingsarbeid artikkelen viser til, konkluderer med at mangelen på tydelege formål får negative konsekvensar for ungdommane og profesjonsutøvarane sjølv. Det blir også vist til at det ikkje er uvanleg at tilsette kjenner det slik. Her er det handfaste utfordringar for mange å ta tak i. Det finnes mange retningar og metodar ein kan velje mellom, men så lenge ein vel ein evidensbasert metode og gjennomfører den samla i personalgruppa er det ein god start.

## 4.6 Heim eller institusjon?

Det kjem fram at fleire av miljøarbeidarane som arbeider direkte med bebuarane i bufellesskapa tenkjer på bustadane som ein heim og ikkje ein institusjon. Det blir også beskrive at miljøarbeidarane opplever det som å ha to heimar; saman med familien sin og saman med ungdommane på jobb. Det seier mykje om relasjonen som desse miljøarbeidarane må ha til ungdommane. Men på den andre sida opplever andre miljøarbeidarar at bustadane ikkje kan bli rekna som ein heim når ein kjem på jobb og reiser heim etter avslutta vakt. Det er altså ei spenning mellom den oppfatninga som dei tilsette har av bustaden dei arbeider i.

Det at det er vanskeleg å gjere bustaden til ein heim, og det blir understreka gjennom gjenforteljing av kommentarar frå ungdommane: «Dere er ikke glad i oss, dere er på jobb» og «Jeg vet hvem som er her for jobb og hvem som er her for hjertet». Dette seier mykje om korleis rolla som miljøarbeidar er utfordrande når ein kjem på jobb og skal skape noko som skal vere ein heim for ungdommane. Som konsekvens av ei «umogleg» oppgåve tek fleire av informantane til orde at bustadar ikkje skal ha som ideal å skape ein heim eller ein familie. Det blir også argumentert med at dersom ein blir så tett at det kjennes som ein familie har ein gjort ungdommane ei bjørneteneste den dagen dei skal flytte ut og bli sjølvstendige.

Det kjem også fram meiningar om at dersom ein ser på bustaden som ein heim blir arbeidet mindre fagleg, sidan ein heim ikkje skal drive med metodisk arbeid. Andre igjen meiner at det ikkje treng å vere ei motsetjing å vere ein heim og arbeide metodisk.

#### **4.6.1 Drøfting «Heim eller institusjon?»**

Då eg tok til å arbeide i bustad med einslege mindreårige fekk eg beskjed om at dette er ikkje ein institusjon. Dette er ein heim. Ok, tenkte eg. Slik har eg tenkt i fleire år, men då vi fekk utdelt arbeidskle i samanheng med Corona-epidemien kjende eg plutselig at eg arbeidde på ein institusjon og gangen lukta handsprit. Så lite skal det til for å endre kjensla av heim til institusjon. Ungdommane sette seg på bakbeina, for dei kjende seg ikkje heime lengre.

I analysearbeidet oppdaga Eide (2017) at det var ei konflikt mellom å tenkje på bustaden som ein heim eller som institusjon. Å tenkje på bustaden som ein heim for personalet blei sett på som ikkje-behandlande og det å ikkje vere på jobb. Faktorar som er med på å skape trygge rammer for ei utsett gruppe med ungdommar. På den andre sida blei bustaden som institusjon sett i samanheng med metodisk planlegging, miljøterapeutiske grep og å ha som mål å ikkje gjere ungdommane avhengig av deg som tilsett. Det er kanskje ikkje eit fasitsvar på institusjon eller heim, men Eide (2017) konkluderer med at det er viktigare at ein har klare retningslinjer slik at dei tilsette kan vere trygge på kva som er deira rolle. Det skal ikkje vere opp til kvar einskild å ta det ansvaret.

Vi ser at ungdommane sin heim er deira mikrosystem. Det som skal vere deira trygge base. Dei blir veldig klart påverka av personale og deira overordna som ein kan sjå på som eksosystemet. Klare retningslinjer frå leiinga vil trygge personale i si omsorgsrolle som dei kan ta med seg inn i mikrosystemet i bustaden. Difor vil eg lande på at heim, eller ikkje heim, ikkje er det vesentlege så lenge ein skaper trygge rammer for ei sårbar gruppe.

## **5.0 Avslutning**

Når ein skal sjå på råda frå dei einslege mindreårige til omsorgspersonane sine kan ein sjå det i samanheng med traumebevisst omsorg og ICDP. Deira ønskjer minner mykje om retningslinjene for desse evidensbaserte metodane. Tilsette må bygge på traumebasert omsorg sine tre grunnpilarar; tryggleik, relasjon og kjensleregulering. Dei vaksne må framstå som trygge omsorgspersonar i ein balanse med å vere profesjonell. Det kan ein

gjere ved å ta ungdommane sitt perspektiv for å forstå seg på dei. Ved å ha kunnskap kring kultur, system og traume vil ein vere betre rusta til nettopp dette. Det vil auke sjansen for å bli ein signifikant andreperson som ser på det som ligg bak fasaden til mange tøffe og redde ungdommar. Ein må takle å bli avvist, og ein må ikkje gje opp. Det gjev håp for ungdommen.

Personale sine ytringar går mykje på at dei er motiverte for å arbeide retta inn mot akkurat det ungdommane har kome med som råd, men at ein blir usikker på kva som er forventa av ein frå leiinga sitt hald. Profesjonell omsorg skal ikkje kvile på individnivå. Tydeleg leiarskap er minst like viktig når ein skal forme ei rolle som omsorgsgjevar. På leiarnivå må det leggest til rette for kompetanse kring einslege mindreårige flyktningar og traume. Det vil ikkje seie at personalgruppa ikkje skal vere med på prosessen. Å gje personalgruppa ei felles plattform med ein metode som ein skal vere tru mot vil vere ein godt start på det.

Eg for min del ønskjer no å ta med meg kunnskap frå litteratur, empiri og erfaringar inn i arbeidskvardagen rusta for å sjå ungdommane på ein litt annan måte. Utgangspunktet må vere at eg ønskjer å vere ein signifikant andreperson som har kunnskap om målgruppa mi og det innanfor personalgruppa og leiinga sine tydelege retningslinjer.

## Litteraturliste

- Aadland, E. (2013). *Og eg ser på deg... Vitenskapsteori i helse- og sosialfag*, 3. utgave. Oslo: Universitetsforlaget.
- Barne- og likestillingsdepartementet (2018). *Lov om barneverntjenester (barnevernlova)*. Tilgjengelig frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100> (Henta 03.03.2020).
- Chinga-Ramirez, C. og Solhaug, T. (2014). Jeg er annerledes! – en diskusjon av erfaringer med å være annerledes i den norske skolen. I: Westerheim, K. og Tolo, A. (red.). *Kompetanse for manifold. Om skolens utfordringer i det flerkulturelle Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2007) *Metode- og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademiske Forlag.
- Eide, K. (red.) (2013). *Barn på flukt – Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eide, K., Kjelsaas, I og Larsgaard, A.K. (2017) *Hjem eller institusjon?* Tilgjengelig frå: [https://www.idunn.no/file/pdf/67036522/hjem\\_eller\\_institusjon.pdf](https://www.idunn.no/file/pdf/67036522/hjem_eller_institusjon.pdf) (Henta 07.02.2020)
- Engebrigtsen, A. (2002). *Forlatte barn, ankerbarn, betrodde barn: et transnasjonalt perspektiv på enslige, mindreårige asylsøkere*. Oslo: NOVA-rapport.
- Galvin, P. og Lindbäck S.O. (2014). *Å undervise i sosial kompetanse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gulbrandsen, L.M. (2009). *Oppvekst og psykologisk utvikling – Innføring i psykologiske perspektiver*, 3. utgåve, Oslo: Universitetsforlaget
- Grøholt, B., Sommerschild, H., Garløy, I. (2011). *Lærebok i barnepsykiatri*, 4. utgave. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hundeide, K. (2005). *ICDP Programmet – et relasjonsorientert og empatibasert program rettet mot barns omsorgsgivere*. *Skolepsykologi* 7: 9-25.
- Imsen, G. (2014). *Elevenes verden – Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jørgensen, T.W, & Steinkopf, H. (2013). Traumebevisst omsorg. *Fosterhjemskontakt*, 1, 10-17. Tilgjengelig frå: <https://sor.rvts.no/filestore/Filarkiv/Dokumenter/Fagstoff/Barnevern/Artikkel3-Traumebevisstomsorg.pdf> (Henta 04.04.2020)
- Kommunal- og regionaldepartementet (2000). Stortingsmelding nr. 17 2000-2001 Asyl- og flyktningpolitikken i Noreg. Tilgjengelig frå: [https://www.regjeringen.no/contentassets/7e193f4745e947a8827cec632b896318/n\\_o/pdfa/stm200020010017000dddpdfa.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/7e193f4745e947a8827cec632b896318/n_o/pdfa/stm200020010017000dddpdfa.pdf) (Henta 07.03.2020)
- Kvello, Ø. (2016). *Barn i risiko – Skadelige omsorgssituasjoner*, 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Lie, B. og Lien, L. (2010). Ungdom og psykososial helse. I: Kumar, B.N. og Viken, B.

- (red.) *Folkehelse i et migrasjonsperspektiv*. (Kap. 11) Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten (2018). *Sjekkliste for å vurdere kvalitativ forskning*. Tilgjengeleg frå: <https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekkliste/attachment/259644?ts=162a95c553b> Henta 13.04.20
- Ogden, T. (2009). *Sosial kompetanse og problematferd i skolen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Reedtz, C. og Lauritzen, C. (2017) *Kunnskapsoppsummering og klassifisering av tiltaket ICDP (2. utg.)*. Tilgjengeleg frå: [https://ungsinn.no/post/tiltak\\_arkiv/icdp-2-utg/](https://ungsinn.no/post/tiltak_arkiv/icdp-2-utg/) (Henta 22.04.2019).
- Repstad, P. (2014). *Sosiologiske perspektiver for helse- og sosialarbeidere*. 3. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skårdalsmo, E. M. B. og Harnischfeger, J. (2017). *Vær snill! – Råd frå enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger til vaksne omsorgsgivere*. Tilgjengelig frå: [https://www.idunn.no/file/pdf/66948140/vaer\\_snill\\_-\\_raad\\_fra\\_enslige\\_mindreaarige\\_asylsoekere\\_og\\_flyk.pdf](https://www.idunn.no/file/pdf/66948140/vaer_snill_-_raad_fra_enslige_mindreaarige_asylsoekere_og_flyk.pdf) (Henta 07.02.2020)
- Statistisk Sentralbyrå (2017). *Enslige mindreårige flyktninger 1996-2016*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-nyankomne-enslige-mindreaarige-flyktninger> (Henta 07.02.2020)
- Thornquist, E. (2010). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori for helsefag*, 2. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget.
- Toverud, R., og Thorsen, K. (2002). *Kulturpsykologi: Bevegelser i livsløp*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Verpe, M., Engja H. (2004). *Barn på venting – institusjonsarbeid med barn under offentlig omsorg*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vike, H. og Eide, K. (2009) *Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.